



Sjå adresseliste

Dato: 05.03.2016
Vår ref.: 2015/10633-7
Saksbehandlar: marerik
Dykkar ref.:

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - vedteke planprogram og vidare arbeid

Den 29. januar 2016 vedtok fylkesutvalet planprogram for Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029. Planprogrammet er oppdatert jamfør politisk sak og vedtak.

Hordaland fylkeskommune lanserte i mars nye nettsider og vedteke planprogram vil vere tilgjengeleg på nettsida for planarbeidet innan kort tid; <http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar-under-arbeid/regional-transportplan/>.

Hordaland fylkeskommune vil takke alle som har delteke i arbeidet med utforming av planprogrammet og som har kome med sine høyringsuttaler. Mange av innspela til planprogrammet er relevant for sjølve planarbeidet og utarbeiding av handlingsprogrammet. Desse innspela vert tatt med i den vidare prosessen med utforming av planen.

Arbeidet med sjølve planforslaget er starta opp, og vil bli ferdigstilt i inneverande år med sikte på høyring og vedtak av planen i fylkestinget i juni 2017.

Planprogrammet skildrar kva medverknad det vert lagt opp til i arbeidet med utarbeiding av planen. Det er viktig for Hordaland fylkeskommune at arbeidet vert gjennomført i tett dialog med relevante aktørar. Ta gjerne kontakt med oss for spørsmål og/eller innspel til planarbeidet.

Hordaland fylkeskommune har sendt ut eit eige brev, datert 1. mars 2016, om dialogmøte mellom regionråda/kommunane, fylkeskommunen og Statens vegvesen. Arbeidet med RTP vil vere eit aktuelt tema på desse møtene.

Kontaktperson for arbeidet er Marte Hagen Eriksrud, Marte.Eriksrud@hfk.no, tlf. 55 23 90 75.

Thorbjørn Aarethun
seksjonsleiar

Marte Hagen Eriksrud
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste

Alle kommunane i Hordaland

Bergen Næringsråd

Bergen og Omland havnevesen

Bergensalliansen

Evensen, Hans Olav

Fiskeridirektoratet

Fylkeseldrerådet

Fylkesmannen i Hordaland

Hardangerrådet iks

Hardangerviddatunnelene AS

IS Fjordvegen Rute 13

Jernbaneverket

Kystverket Vest

Regionrådet i Nordhordland

Regionrådet Vest

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Sletten, Else-Margrethe

Statens vegvesen

Stord Næringsråd

Ungdommens fylkesutval

Tonning, Geir Bruland - Leder i Trafikkgruppen Fau

Alversund Skole

Trygg Trafikk